

2015

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING I TYSNESBARNEHAGANE



Wenche Fagerbakk
Tysnesbarnehagane
09.11.2015

Hovudmål:

Barnehagane har nulltoleranse mot mobbing.

Delmål:

Alle tilsett skal jobbe aktivt for å oppretthalde eit mobbefritt oppvekstmiljø.

Utdrag frå Udir sin veiledar; **Barn sin trivsel- vaksne sitt ansvar**

<http://www.udir.no/globalassets/upload/barnehage/regelverk/veiledere/veildernn.pdf>

Barnehagen skal forebyggje mobbing. Men kva er mobbing?

Mobbing blir definert ulikt, men nokre av trekka i ulike definisjonar er at

- det dreier seg om negative, fysiske eller psykiske handlingar utførte av ein eller fleire mot ein annan
- han eller ho som blir utsett for erting, plaging eller utestenging, er lett tilgjengeleg som del av ein fellesskap han eller ho ikkje har valt sjølv
- det er ubalanse i maktforholdet slik at det er vanskeleg å forsvare seg

Somme legg til at

- handlingane må ha ei viss hyppigheit og gå føre seg over tid
- handlingane er planlagde eller vondsinna

Mobbing er når ein person eller gruppe personer gjentekne gonger, og over tid, plager eit eller fleire offer og det er eit skeivt maktforhold mellom dei/ den som mobbar og dei/ den som vert mobba.

Mobbing kan arte seg som fysisk/psykisk plaging, trakassering, truslar, erting, håning, negativ omtale/ tiltale, utestenging og/eller ignorering over tid.

Det er ikkje mobbing ved vilkårlig erting, enkelt episodar med konflikhtar eller slåssing, enkelt tilfelle av utestenging m.m Dette er noko som kan skje i barna sin leik, og som oftast vert dette ordna opp i, etter kvart og utan problem for nokon av partane.

Eksempel:

Når eit barn seier eller gjer noko og ser at den andre vert lei seg, og stopper med det han/ho seier eller gjer så er ikkje det mobbing. Det er derimot mobbing om barnet utnyttar gråten eller sårbarheten og fortsetter sin åtferd. Det eit barn kan reagere kraftig på, kan prelle av på eit anna. (senter for Adferdsforskning)

Mål for arbeid mot mobbing:

- Alle barn skal ha rett til eit godt fysisk og psyko-sosialt miljø som fremjar helse, trivsel og der barna opplever meistring. Alle skal oppleve å få hjelp og støtte så tidleg som mulig
- Skape eit barnehagemiljø med nulltoleranse mot mobbing både blant barn og vaksne
- Auka personalets kunnskap om førebygging og handtering av mobbing i barnehagen
- Eit konstruktivt samarbeid med foreldra angående mobbing

Dette ønskjer me for barna:

- Eit miljø der alle blir møtt med varme, anerkjenning og oppmuntring, slik at ein opplever seg sjølv som verdifull.
- Eit miljø der alle respekterer kvarandre for den ein er.
- At alle bara skal ha venner og nokon å leika med
- At alle skal oppleve glede og tryggleik i barnehagen.
- At me har eit oppvekstmiljø som styrkjer barnas sjølvkjensle – og som gjer dei godt rusta til å møte verden utanfor.
- Eit personalet som er bevisst sitt ansvar om å førebygge og sette inn tiltak mot mobbing i barnehagen

Førebyggande arbeid:

- Personalet jobbar målbevisst med sosial kompetanse.
- Ei aktiv og tydeleg voksen rolla er avgjerande.
- Eit godt foreldresamarbeid
- Observasjon av samspel mellom: barn-barn, voksen –voksen, og barn – voksen.
- Leikegrupper/ regelleiker/ felles turar/ opplevingar
- Barnesamtaler
- Jamlege diskusjonar om mobbing på alle møter.

Tiltak når mobbing oppstår: Pedagogisk leiar/- ar har hovud ansvaret for at tiltaka vert utført:

I forhold til barna:

- Oppfylgingssamtalar med dei involverte barna
- Vurdere å informerer heile barnegruppa (samling)
- Vurderer å opprette eit sosialt nettverk rundt offeret (fadder)
- Vurdere å ta saka opp i tverrfagleg team
- Dei tilsette informerast, og får beskjed om å observera samspelet mellom dei barna det gjeld.
- De tilsette blir einige om / utarbeider ein felles strategi for å stanse mobbinga raskt
- Evt. laga enkelt vedtak. Dette skal vurderast av leiar.

I forhold til foreldra:

- Pedagogisk leiar har ansvar for å informere foreldra når mobbinga er blitt konstatert.
- Foreldra til både mobbar og offer skal informerast raskt.
- Ha samtale med dei involverte foreldra kvar for seg eller saman – avhengig av saka. Dette vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.
- Bli einig med foreldra om tiltak som skal setjast inn for å stoppe mobbinga. Kva kan foreldra bidra med?

*Ingen ville vel ønske å leve utan venner,
sjølv om han hadde alle andre goder.*

Aristoteles



REFERAT FRÅ VEDK. MOBBING I BARNEHAGEN

Skjema skal ligge i barnets mappe (kopi til føresette)

Møtedato:.....År.....

Tilstade på møte var:.....

Kva saka gjeld:	Tiltak vidare:	Ansvar:

Dato for neste oppfølgingsmøte er satt til:.....År.....

Tysnes, den:

.....
Underskrift foreldre

.....
Underskrift foreldre

.....
Underskrift tilsett

.....
underskrift tilsett

SJEKKLISTE 1 – BARNEHAGENS OPPVEKSTMILJØ:

Sjekkliste angående dei vaksne sitt forhold til barna:

Spørsmål	Ja- alltid	Ja- ofte	Nei- sjeldan	Nei- aldri
Er dei vaksne i vår barnehage anerkjennande og støttande i forhold til barna sitt initiativ?				
Blir alle barna lagt merke til i like stor grad, uavhengig av type personlegheit? (inn- /utadvent)				
Får nokre barn stadig positiv merksemd frå oss vaksne – meir enn andre barn?				
Får nokre barn stadig negativ merksemd frå oss vaksne- meir enn andre?				
Kan me sjå eit "mønster" i at me vaksne har lettare for å tru på nokre barns forklaringar på konflikhtar enn andre i gruppa?				
Er det nokre barn i gruppa som me vaksne tar meir kontakt med- finner på fleire aktiviteter med enn andre barn?				
Er det nokon barn i gruppa som me vaksne tar lite kontakt med- og sjeldan tar initiativ til aktiviteter med ?				
Klarer me å involvere alle barna i fellesskapet – f.eks. praten rundt bordet ved måltider?				
Har vi vaksne større tålmodighet med enkelt barn i gruppa enn andre, når det gjelder å følge dei opp/ hjelpe dei?				
Blir nokre barn raskare avbrutt/ avvist av oss vaksne enn andre når dei tar kontakt med oss?				
Er alle vaksne bevisst på at barn ikkje alltid klarer å skilja spøk/ ironi? (være forsiktig med bruk av ironi i fht. barn som ikkje forstår dette)				

SJEKKLISTE 2 – BARNEHAGENS OPPVEKSTMILJØ

Sjekkliste angående miljøet i barnehagen:

Spørsmål	Ja- alltid	Ja- ofte	Nei- sjeldan	Nei- aldri
Er miljøet i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjenning, varme og respekt ?				
Er samspelet barna imellom prega av likeverdighet og veksling av kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får vera med?				
Er det ein trygg og avslappande tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				

Sjekkliste 1 og 2 om barnehagens oppvekstmiljø skal vera eit diskusjonsgrunnlag i personalgruppa, på avdelingsmøta og personalmøta.

Er vår barnehage der me vil den skal vera i forhold til oppvekstmiljø?

EVALUERING:

- Personalet skal årleg evaluera sitt arbeid mot mobbing.
- Planen vil haldast oppdatert i forhold til dei gjeldande retningslinjer frå Udir.
- Heile personalet har ansvar for at alle jobbar i samsvar med dei mål og retningslinjer som er gjeven i denne planen.